

### Saksgang

Utv.	Utv.saksnr.	Møtedato
Klagenemnda		08.12.2020

Klage på avslag om støtte frå Etablerarfondet for Bergensregionen - Organisk Fertilizer

### Forslag til vedtak

Klage på Nordhordland Utviklingsselskap IKS sitt vedtak om avslag på søknaden til Organisk Fertilizer om støtte frå Etablerarfondet for Bergensregionen vert ikkje teken til følgje.

### Samandrag

Saka gjeld Organisk Fertilizer som har fått avslag på sin søknad om stipend frå Etablerarfondet. Dei har klaga på vedtaket, og Nordhordland Utviklingsselskap IKS har handsama klaga og opprettheldt avslaget.

Fylkesdirektør innovasjon og næringsutvikling har gjort sine vurderingar og rår til at klaga ikkje vert teken til følgje.

Fylkesrådmannen har vurdert klaga og rår til at klaga ikkje vert teken til følgje.

Rune Haugdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

### Vedlegg

- 1 Klage på avslag om støtte frå Etablerarfondet for Bergensregionen - Organisk Fertilizer
- 2 Klage på avslag om støtte frå Etablerarfondet for Bergensregionen - Organisk Fertilizer
- 3 Nordhordland Utviklingsselskap IKS info om Etablerarfondet for Bergensregionen
- 4 Krav til søknader og prioriteringskriterier gjeldande frå 2017-2020

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Organisk Fertilizer ved Sukhjeet Kaur Bharj søkte om stipend på kr 50 000 frå Etablerarfondet 14. april 2020.

Nordhordland Utviklingsselskap IKS avslo søknaden 18. mai 2020.

Organisk Fertilizer påklaa avslaget 2. juni 2020.

Nordhordland Utviklingsselskap IKS har vurdert avslaget og opprettheldt vedtaket.

Fagavdelinga i Vestland fylkeskommune ved fylkesdirektør for innovasjon og næringsutvikling har i notat datert 07.09.2020 gjort sine vurderinger i klagesaka.

Klagesaka var så sendt til Klagenemnda for endeleg avgjerd.

## Vedtakskompetanse

Klagenemnda gjer vedtak, jf. forvaltningslova § 28 (2), jf. reglement for folkevalde organ og delegering punkt 2.

## Rettsleg grunnlag

Det rettslege grunnlaget for saka er forvaltningslova (fvl) § 34 andre ledd, jf. fvl § 28, samt utøving av det frie forvaltningskjønn.

Det følger av fvl § 34 andre ledd at klageinstansen kan «prøve alle sider av saken». Herunder følgjer det at forvaltinga har eit stort spelerom for utøving av skjønn når dei skal vurdere saka, men må ikkje komme i strid med ulovfesta forvaltingsrettslege prinsipp, som vilkårlegheit, sterkt urimelegheit og forskjellsbehandling.

I denne saka er det tale om tildeling av ein avgrensa sum tilskotsmidlar, og vurderinga må ses i samanheng med dei retningslinjer og målsetjingar som gjeld dette. I saka er det opplyst om at tildelinga skal vere i tråd med «Forskrift for distrikts- og regionalpolitiske verkemidlar av 1. januar 2014». Fylkesrådmannen påpeikar at denne forskrifta er oppheva, og var oppheva på tidspunktet da tilskotsmidlane blei utlyst. Den er erstatta med «Forskrift for distrikts- og regionalpolitiske virkemidler av 1. juni 2018». Rammene for tilskot regulerast av § 6, og reglane for klagebehandling viser til forvaltningslova, jf. § 5 andre ledd. At den gamle forskrifta var anvendt synast likevel ikkje å ha hatt noko å seie for vurderinga.

Ved tildelinga må det også sjåast i lys av dei rammar og retningslinjer framsett i tildelingsbrevet knytt til vedtak for budsjett i «Handlingsplan for innovasjon og næringsutvikling i Vestland 2020» vedtatt i Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon 13. februar 2020».

## Klagen

Organisk Fertilizer ved Sukhjeet Kaur Bharji fekk avslag på sin søknad om kr 50 000 frå Etablerarfondet. Nordhordland Utviklingsselskap ISK avslo søknaden med følgjande grunngjeving:

«Midlene som er satt av til Etablerarfondet er begrenset. Det er mange søknader og vi er nødt til å prioritere midlene strengt. Ut i fra en totalvurdering opp i mot målsettingene som er for midlene finner vi ikke å kunne prioritere å støtte dette prosjektet. Prosjektet må være bedre forankret i det jordbruksfaglige miljøet dersom dette skal lykkes. Det som er beskrevet er usikkert og stort prosjekt, og det er mye forskning som gjenstår. Det som skal gjøres før det kan bli kommersielt er mye og etablerer tilskuddet vil kunne bidra med relativt lite. Det er eventuelt særskilte tilskuddordninger innenfor landbruket som en kan søke på.»

Den 2. juni 2020 klaga Organisk Fertilizer på avslaget:

«Hei,  
 Det viktigste er å teste hypotesen før man investerer for mye midler i prosjektet .Tanken er at man i første omgang lager en vareprøve (en MVP) og tester i laboratorier i Norge. På denne måten bruker man minst mulig tid og penger for å bekrefte hypotesen. Ett etablering stipend vil derfor dekke kostnadene ved å lage en vareprøve. Dersom hypotesen stemmer vil det være enklere å forankre dette hos det jordbruksfaglige miljøet, samt få støtte i en fase 2.Som vil være å kommersialisere prosjektet og få forankret dette videre.  
 Med dette håper jeg dere vurderer avslaget på nyt.  
 Med vennlig hilsen  
 Sukhjeet v/Organisk fertilisers»

Nordhordland Utviklingsselskap IKS opprettholdt sitt vedtak på dette grunnlaget:

«*Fylkeskommunen løyvde 2,0 mill. kr til Etablerarfondet for Bergensregionen og i tillegg er det inndratt 475 375,- kr fra tidligere år. Nordhordland Utviklingsselskap har 5 % (100 000) i administrasjon slik at det er bevilget totalt 2 375 375,- til innsendte søknader.*  
*Det har vært stor interesse for å søke om midler. Vi har derfor prøvd å prioritere midlene strengt slik at en får mest mulig igjen. Det ble åpnet opp for å søke om midler 25.03.20 og det ble stengt for å sende inn nye søknader 11.05.20.*

*Innvilget 57 søknader. Avslått 28 søknader. Totalt 85 søknader  
 Av de 28 avslått søknadene er det 4 stk. som har sendt inn klage.*

*Vi kan ikke se at der grunnlag for oss å gjøre noen ny vurdering av vårt avslag og sender de over til Vestland fylkeskommune for endelig behandling.»*

Klaga blei så oversendt til Vestland fylkeskommune 19. juni 2020. Fylkesdirektør innovasjon og næringsutvikling har gjort sine vurderinger og rår til at Nordhordland Utviklingsselskap IKS sitt avslag vert opprettheldt, og at klaga ikkje vert teken til følgje.

### Vurderingar og verknader

Økonomi: Ikke relevant  
 Klima: Ikke relevant  
 Folkehelse: Ikke relevant  
 Regional planstrategi: Ikke relevant

### Fylkesrådmannen si vurdering

Saka gjeld klage frå Organisk Fertilizer på Nordhordland Utviklingsselskap IKS sitt vedtak om avslag på søknad om stipend frå Etableringsfonda for Bergensregionen.

For å kunne få stipend har Etableringsfondet visse kriterium som må være oppfylte i vurderinga om søker skal få stipend. Disse kriteria følgde med tildelingsbrevet knytt til vedtak for budsjett i «Handlingsplan for innovasjon og næringsutvikling i Vestland 2020» vedtatt i Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon 13. februar 2020». Mellom anna var kriteria at «Prosjektet skal ha god kvalitet, søker skal ha god gjennomføringsevne og etableringa bør på sikt kunne gi minst eitt årsverk.»

Da det er mange søkerar som oppfyller kriteria, må det vere opp til Nordhordland Utviklingsselskap IKS å foreta ein vurdering om korleis midlane skal fordelast. Skulle alle søkerane oppfylle kriteria vil det måtte gjerast ein avvegning mellom søkerane, ettersom det er tale om ein avgrensa sum med midlar. Det blir derfor ein skjønnsmessig vurdering om kven som oppfyller kriteria på ein måte som gjer at midlane vil komme til best mogleg nytte. Tildeler av stipend må kunne ha stor fridom til å gjere denne totalvurderinga, men sjølv sagt innanfor rammene for forvaltingsskjønn.

I avslaget frå 18. mai 2020 grunngav Nordhordland Utviklingsselskap IKS m.a. følgjande:  
 «*Prosjektet må være bedre forankret i det jordbruksfaglige miljøet dersom dette skal lykkes. Det*

*som er beskrevet er usikkert og stort prosjekt, og det er mye forskning som gjenstår. Det som skal gjøres før det kan bli kommersielt er mye og etablerer tilskuddet vil kunne bidra med relativt lite. Det er eventuelt særskilte tilskuddordninger innenfor landbruket som en kan søke på»*

Klagar, Sukjeet Kaur Bharj svarte på si side 2. juni 2020: «*Det viktigste er å teste hypotesen før man investerer for mye midler i prosjektet. Tanken er at man i første omgang lager en vareprøve (en MVP) og tester i laboratorier i Norge. På denne måten bruker man minst mulig tid og penger for å bekrefte hypotesen. Ett etablering stipend vil derfor dekke kostnadene ved å lage en vareprøve. Dersom hypotesen stemmer vil det være enklere å forankre dette hos det jordbruksfaglige miljøet, samt få støtte i en fase 2. Som vil være å kommersialisere prosjektet og få forankret dette videre. Med dette håper jeg dere vurderer avslaget på nytta»*

Nordhordland Utviklingsselskap IKS meiner han treng meir jordbruksfagleg forankring for at kvaliteten og gjennomføringsevna blir best mogleg. Slik det er nå er det for mykje uvisse knytt til prosjektet.

Klagar er usamd, og at forankring i det jordbruksfaglege miljøet heller kjem på eit seinare tidspunkt. Han meiner det er andre ting som kjem først, som å lage ein vareprøve og så å teste ein hypotese.

Nordhordland Utviklingsselskap ISK vurderer at det ikkje er god nok fagleg kvalitet på dette tidspunktet, ettersom fagleg forankring hos det jordbruksfaglege miljøet manglar, jf. retningslinjene frå tildelingsbrevet. Klagar visar til at han treng midlane først til å gjennomføre ein hypotese. Det knytt seg usikkerheit til ein hypotese, for dersom den ikkje skulle gi dei ønska resultat vil det kunne svekkje gjennomføringsevna til prosjektet.

I sitt svar på klagan på vedtaket gav Nordhordland Utviklingsselskap IKS m.a. følgande grunn: «*Det har vært stor interesse for å søke om midler. Vi har derfor prøvd å prioritere midlene strengt slik at en får mest mulig igjen.»*

Det synast her at denne vurderinga er innanfor dei retningslinjene og rammene for skjønn som dei må kunne vurdere sjølv. Fylkesrådmannen sitt syn er derfor at Nordhordland Utviklingsselskap IKS har utvist godt skjønn i sakshandsaminga. Klagar har òg fått informasjon om at det er andre tilskotsordningar som kan søkast på innanfor landbruk.

## **Konklusjon**

Konklusjonen er at klagan ikkje vert teken til følgje.